

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Fagleg årsmelding 2016
IKA Møre og Romsdal



1.	Innleiing.....	3
2.	Føremål og ansvarsområde	3
3.	Organisasjon.....	3
3.1	Formelle organ	4
3.2	Tilsette.....	4
4.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal - generell del	5
4.1	Eldre og avslutta arkiv	5
4.2	Personregister	9
4.3	Elektroniske arkiv	9
4.4	Privatarkivarbeid.....	10
4.5	Prosjektarbeid i 2016.....	12
4.6	Kulturnett Møre og Romsdal.....	13
4.7	FylkesFOTOarkivet.....	14
4.8	Fylkessenter for digitalisering av kulturarven – SEDAK	16
5.	Synfaringar, Kurs, konferansar og andre arrangement.....	17
5.1	Synfaringar	17
5.2	Kontaktkonferansen.....	18
5.3	KAI-konferansen.....	18
5.4	Open dag	18
6.	Arkivdagen 2016	19

1. INNLEIING

2016 har vore eit aktivt år for IKAMR.

Høgdepunkt:

- tatt imot 250 hyllemeter eldre arkiv frå 18 av eigarane
- tatt imot 89 hyllemeter personregister
- større mengde førespurnader grunna auka mengde arkivmateriale
- kontaktkonferansen med svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane
- inngått avtalar om ordning og digitalisering av arkiv for eigarane
- etablert gode prosessar for digitalisering av arkiv

2. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet har 37 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemne eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal vere depotinstitusjon for medlemne sine melde- og konsesjonspliktige arkiv i høve til Personopplysningslova.

Selskapet skal i samråd med medlemne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemne, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemne.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemne, eller medlemne vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

3. ORGANISASJON

IKAMR har i 2016 arbeid vidare med organisasjonsutvikling. Økonomi og prosjektstyringa er forbetra.

Det er etablert/videreutvikla følgjande dokument:

- Brannverndokumentasjon/ Risikovurderingar med risikoreduserande tiltak
- Personalhandbok
- Varslingsplakat

Til representantskapsmøtet i 2017 vert det lagt fram følgjande dokument:

- Økonomireglement
- Reglement for valnemnd
- Reglement for styret
- Ethiske retningslinjer

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem. Selskapet har ikkje lånegjeld ved årsskiftet.

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet av desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv korkje blir belasta kostnader eller tar ut forteneste av desse.

Økonomien i selskapet vert vurdert som god, og det er godt grunnlag for vidare utvikling, investeringar og drift.

3.1 Formelle organ

Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Perry Ulvestad, Rauma (leiar)	Marta Beinset, Molde kommune
Karl Kjetil Skusest, Kristiansund (nestleiar)	Synnøve Avset, Eide kommune
Robert Løvik, Møre og Romsdal fylkeskommune	Nils-Gunnar Solli, Møre og Romsdal Fylkeskommune
Liv Grete Orvik, Ålesund	Eldar Øye, Ørsta
Synnøve Hunnes, Sykkylven	Evelyn Omenås, Stranda

Styret hadde sju møte i 2016. Styret behandla 74 saker.

Representantskapsmøte:

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Representantskapsmøtet 2016 vart halde på Vestnes Fjordhotell 14.04.2016. 25 av eigarane var representert, som utgjorde 70,8 % av eigardelane.

Geir Stenseth vart valgt til leiar av representantskapet og Kjell Danielsen vart valgt til nestleiar. Årsmelding og rekneskap vart godkjent.

3.2 Tilsette

Tilsette i selskapet var i 2016:

Geir Håvard Ellingseter - dagleg leiar
Torbjørn Aasen - IT-rådgjevar
Gunnar O. Morsund - prosjektkoordinator
Vibeke Lunheim - arkivar (delvis permisjon)
Guro Flø - arkivar
Åsta Vadset - arkivar

Ingunn Vestnes - arkivar (50 % stilling)
 Kristian Hove - arkivmedarbeidar
 Sølvi J. Knudsen – arkivmedarbeidar
 Jan Aakvik - redaktør for Kulturnett Møre og Romsdal - finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune
 Ragnar H. Albertsen - FylkesFOTOarkivar
 Ottar André Breivik Anderson - Leiar SEDAK/fotograf
 Dan André Fiskum Vellum - arkivar (vikar)
 Annelen Melsåsen (prosjektmedarbeidar – digitalisering) – 01.05.17-31.12.2016
 Elisabeht Thørring Dalsbø (prosjektmedarbeidar – digitalisering)- 01.01.17 – 15.08.2016
 Kari Olsen (prosjektmedarbeidar – digitalisering)
 Zane Aboltina (prosjektmedarbeidar – digitalisering)

Sjukefråvære var i 2016 på 4,2 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 3,3 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 0,9% er eigenmeldingar. Arbeidsmiljøet er ikkje årsaka til sjukefråværet. Selskapet har elles eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

4. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL - GENERELL DEL

4.1 Eldre og avslutta arkiv


Herøy kommune utvida i 2016 depotkapasiteten sin hos IKAMR frå 200 til 300 hyllemeter. Sande kommune inngikk depotavtale med IKAMR og disponerer no 100 hyllemeter. Midsund kommune og Aure kommune er no dei einaste av eigarane våre som ikkje har depotavtale.

Arbeidet med historisk arkiv har i 2016 hovudsak bestått av attfinning av arkiv i depot, betjening av arkiv og mottak av arkiv. Vidare er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister arbeid som krev mykje ressursar. I tillegg driv vi kontinuerleg med ordning, registrering og formidling av arkivbestanden. Ute i kommunane deltek vi på møte, held vi kurs og kartlegg arkivbestanden saman med tilsette i kommunen.

Avleveringar

IKAMR tok imot arkiv 24 gongar i 2016. Totalt 339 hyllemeter fordelt på 13 avleverarar. 250,6 hyllemeter er eldre historisk arkiv, medan 89,1 hyllemeter personregister.

Avleverar	Hyllemeter historisk arkiv	Hyllemeter personregister
Aukra		15,3
Averøy	39	
Fræna	1,2	
Fylkesmannen		0,2
Giske		5,5
Kristiansund	61	13,5
Kystverket	60	
Molde (Aukra og Midsund)		3,6
Møre og Romsdal fylkeskommunen	5,4	
Sandøy	34,2	
Smøla	3	27
Vestnes		3,8
Ørsta	46,8	20,2



Erfaringar med avleveringsrutinane

Det er nødvendig at dei kommunale arkiva er godt beskrivne, ordna og listeført når dei kjem til depot. Hjelpeheftet blei oppdatert i 2016. Den nye versjonen går meir i detalj i prosessen og skal vere eit godt «A-Å» verktøy for kommunane slik at ein er meir sjølvhjelpet. Ved å følge avleveringsrutinane i hjelpeheftet skal det i teorien vere nok med to-tre omgangar med kontakt til IKAMR for å få godkjent eit arkiv for avlevering. Rutinane blir heile tida effektivisert slik at både IKA og kommunen skal bruke mindre tid på arbeidet.

Å rettleie i avleveringsrutinane ut mot kommunane er til tider svært tidkrevjande, og tar opp mykje av tida til rådgjevarane ved IKAMR. Sjølv om dei tilsette ved IKAMR reiser ut for å bistå og held kurs for dei som skal ordne, rensje, listeføre og etikettere arkiv kan vi ofte misforstå kvarandre. Dette kan i verste fall føre til at IKAMR får arkiv som ikkje lar seg forvalte på ein god måte. Å ta imot nyare arkiv (men eldre enn 25 år) er ei ekstrateneste vi tilbyr kommunane, fordi vi ser at ein ikkje lenger sit med kompetanse til å forvalte arkiva på ein god måte ute i kommunen. Vi ser oss derfor nøydde til å arbeide meir med å effektivisere og kvalitetssikre arbeidet med mottak av papirarkiv framover. Rundt 200 saker om avleveringslister har ført til 1133 journalpostar med korrespondanse. Rettleiing over telefon er ikkje rekna med her.

Ordningsoppdrag

I 2016 vart det signert nye avtalar om ordningsoppdrag med Fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal, Borgund videregående skole og kommunane Averøy, Eide, Herøy, Smøla og Tingvoll. Nye prosjekt som vart påbyrja: Ørsta byggesak, Tingvoll byggesak, Aukra saksarkiv og Norddal pasientjournalar.

I tillegg vart prosjekta Herøy byggesak, Hareid saksarkiv, Møre og Romsdal fylkeskommune Freda-arkiv, Eide eiendomsarkiv og Tingvoll byggesak avslutta i 2016.

Asta

Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att etterspurd dokumentasjon blant nærare 11 000 hyllemeter med kommunale arkiv. Å registrere arkiv i Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjonen, er den viktigaste arbeidsoppgåva ved IKAMR. Det er grunnleggande at vi har oversikt over alt arkivmaterialet vi oppbevarer for eigarane våre. Ein god arkivkatalog knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om ein finn att dokumentasjon som blir etterpurd. Arkivkatalogen kan også vere til hjelp når ein skal avgjere kva for arkiv ein treng digitalt tilgjengeleg.

IKAMR deltar i eit nasjonalt prosjekt, KAISA, som tek sikte på å lage ein nasjonal standard for beskrivingar av kommunale arkiv i Asta. IKAMR tok i bruk dei nye rutinane for registrering i 2015, og

det har blitt sett fokus på bruken av dei i 2016. Rutinane gjer at IKA Møre Romsdal får gode arkivbeskrivingar i Asta, som vil effektivisere atffinjing.

Det krevjer stor kompetanse å registrere inn arkiv i Asta. I tillegg er det svært ressurskrevjande. Det er viktig å gjere jobben så nøyaktig som mogleg både med hensyn til å beskrive arkivskaparhistorikk og arkivhistorikk, registrere plassering av arkivstykkka og tilknytning av metadata slik at einn får treff ved søk.

Trass i at at arbeidet med å beskrive arkiv er komplekst og tidkrevjande har det har blitt registrert store mengder arkiv i 2016. I Asta har det blitt registrert 133 arkiv, 735 seriar og 21 478 mapper i den digitale arkivkatalogen. I tillegg har det blitt registrert ei ukjend mengde klientarkiv på mappenivå, som ikkje ligg søkbart digitalt i Asta, men i eigne Excel-skjema. Ikkje alle arkiv har administrasjonshistorie, metadata eller er plassert i depot. Dette gjeld spesielt arkiv som er registrert ute hos kommunane, men importert i Asta av IKAMR.

I 2016 har ikkje IKAMR hatt kapasitet til å ordne noko av arkiva frå før den førre store runda med kommunereformar på 1960-talet.

Depot

Arbeidet med å skaffe seg oversikt over arkivbestanden, beskrive arkiva og publisere bestanden på arkivportalen vil vere svært viktig fram mot kommunereforma.

Magasina våre er i stadig endring. Arkivmengda i depota våre har auka kraftig dei siste åra. Det inneber ikkje berre eit auka krav til effektivitet og nytenking, men også ei betydeleg større mengde materiale å plassere, registrere og ikkje minst ekspedere i ved spørsmål etter dokumentasjon. I siste halvdel av 2015 vart to av magasinane med personregister kartlagde og plassering registrert for seinare depotstyring i Asta. Noko registrering står att i eitt magasin for personregister.

For å bestandsregistrere eldre arkiv trengst det stor kompetanse og det er ein tidkrevjande prosess då det er mange forskjellige typar arkiv frå ein stor tidsperiode som må både registrerast, plasserast og beskrivast. Alle arkiv som kjem inn framover blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på arkivportalen.no, men ein har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi finn den dokumentasjon som er etterspurd på ein effektiv måte.

Førespurnader

Auken i mengde arkiv hos IKAMR fører til større mengde førespurnader. Talet på førespurnader aukar frå år til år. Til saman er det registrert 3258 journalpostar i 2016. Over 1600 av desse er inngåande. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølve. Det gjeld innsyn i skulearkiv, fattigstyre, tannhelsearkiv, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyrearkiv og tekniske arkiv. Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Avleveringslister, Innsyn historisk, Innsyn personregister og Arkivfaglege/administrative spørsmål.

Kommune	Avleveringslister	Innsyn historisk	Innsyn personregister	Arkivfaglege/ administrative spørsmål	Sum
Aukra	5	1	0	4	10
Aure	3	4	1	2	10
Averøy	1	4	0	2	7
Eide	0	1	0	2	3
Fræna	17	6	4	12	39
Giske	9	6	0	1	16
Gjemnes	0	0	0	0	0
Halsa	0	0	0	0	0
Haram	0	4	4	0	8
Hareid	0	2	1	1	4
Herøy	6	22	4	6	38
Kristiansund	15	6	18	7	46
Midsund	0	0	1	2	3
Molde	10	9	13	5	37
MRFK	37	4	72	7	120
Nesset	2	2	0	3	7
Norddal	0	0	2	0	2
Rauma	0	4	2	0	6
Rindal	0	2	0	1	3
Sande	3	0	3	1	7
Sandøy	0	6	2	1	9
Skodje	0	0	1	1	2
Smøla	0	2	0	0	2
Stordal	2	0	0	0	2
Stranda	1	3	2	1	7
Sula	1	1	2	3	7
Sunndal	5	1	11	5	22
Surnadal	6	3	2	1	12
Sykkylven	1	0	3	1	5
Tingvoll	0	0	1	1	2
Ulstein	2	1	4	0	7
Vanylven	0	1	1	2	4
Vestnes	5	4	1	2	12
Volda	1	3	2	3	9
Ørskog	3	4	2	0	9
Ørsta	44	2	8	6	60
Ålesund	0	66	33	4	103
Saker	179	174	200	87	640

Det er også tydeleg at fleire er interessert i å finne ut om slekt, og fleire tek kontakt med oss for hjelp. Lesesalen er registrert nytta 24 gongar i 2016. Dette talet er ikkje heilt nøyaktig, då somme kjem tilbake fleire gongar og ikkje har registrert seg ved seinare besøk. Frå mars 2017 er det innført innskrivingsprotokoll per besøk for å få betre kontroll. Dei aller fleste som kjem innom er frå Summøre, men vi har brukarar frå heile fylket, og frå ulike delar av landet. Dei aller fleste er på jakt etter slektingar eller informasjon om staden dei slektar til. Nokre av besøka krev mykje arbeid på førehand.

Formidlingsverksemd

Formidlinga til IKAMR i 2016 har vore mangfaldig.

2016 var eit år der medarbeidarar frå IKAMR medverka i radioprogram som først vart sendt på NRK Møre og Romsdal før det vart sendt på nasjonal radio på NRK P1+. Innslaget gjekk inn på kva slags skattar arkivet kunne innehalde, spesielt vart emigrasjon og skule fokuspunkt for sendinga i tillegg til utfordringar knytt til skrifttyding. Hausten 2016 var kommunale arkiv frå Haram nytta i eit program i

serien Nomino på NRK, IKAMR var kreditert i samband med rådgjeving kring arkivmaterialet som programmet nytta. På IKAMR sine nettsider vart det produsert 31 artiklar i 2016.

IKAMR stod også for ein del større og mindre arrangement i 2016. Det vart arrangert Kontaktkonferanse, Arkivdag og Kjenn din egen by. Med store besøkstal har IKAMR sett på desse arrangementa som suksessfulle og populære blandt kommunane og befolkninga. IKAMR har også vore ute hjå kommunane og heldt kurs og gitt råd i arkivfaglege spørsmål.

IKAMR har også ytt hjelp til transkribering av arkivmateriale knytt til formidling hjå NRK, kommunane og til intern bruk. Sommaren 2016 opna utstillinga *Byen som ikkje blei* på Jugendstilssenteret i Ålesund. Denne utstillinga hadde eit stort forarbeid bak seg og i IKAMRs sak- og arkivsystem er det registrert over 50 journalpostar om arbeidet med denne utstillinga. Under Arkivdagen hadde IKAMR også sett opp ei utstilling om skulehistoria til Ålesund der ein fekk eit innblikk i skulehistorie frå 1800- og 1900-talet.

Dei historiske arkiva vart belyst tre gongar i Sunnmørsposten. Artikkelen om «Straff i skolen» skapte mykje engasjement og førte til at IKAMR mottok fleire førespurnader i skulearkiva.

4.2 Personregister

IKAMR hadde per desember 2016 totalt fått inn 1924,1 hyllemeter med personregister. 89,1 av desse hyllemeterane blei mottatt i 2016. (Sjå graf under delen Eldre arkiv).

I 2016 vart det registrert 200 førespurnader i Acos Websak på dette arkivmaterialet, mot 256 saker i 2015. Arbeidsmengda knytt til førespurnader varierer stort. Dokumentasjon av rettar krev til dømes at ein også må leite fram i arkiv som ikkje er av typen personregister. Saksbehandlingstida kan i slike tilfelle bli opp mot ei veke.

Det er brukt tid på innsyn, gjenfinning og mottak av personregister. I tillegg er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister tidkrevjande. Det er betydeleg auke i talet på førespurnader vedkomande reglar, rutinar og lovverk i helse- og sosial-, skule- og barnehagesektoren. Denne type førespurnader kan vere alt frå innkjøp av lim til etikettar, kassasjon og bevaringsvurderingar, til journalføring i sak- og journalsystem. I tillegg kjem mange spørsmål vedkomande fagsystem, særleg i helse- og omsorg og skule.

Åsta Vadset har vore utleigd i 50% stilling til Møre og Romsdal fylkeskommune for å handtere framfinning og tilgjengeleggjering av arkivdokumentasjon for Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.

4.3 Elektroniske arkiv

Digitalt skapte arkiv frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkiv-institusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlems-institusjoner (KAI) og elarkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeliggjering av digitalt skapt materiale. I 2016 etblerte KDRS depotforvaltningssystem for elektroniske arkiv med satelittlagring i Mo i Ran og på Riksarkivet i Oslo.

IKAMR har i 2016 arbeidt med å implementere KDRS prosesser og rutiner for mottak og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeliggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handsaming av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Forkortingar:

SIP = Innleveringspakke for elektronisk arkiv

AIP = Arkivpakke (den elektroniske pakka som vert konservert)

DIP = Formidlingspakke

Resultat i 2016 for bevaring av elektroniske arkiv i IKAMR:

- a) Implementert KDRS prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale
- b) Etablert KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
 - I. Mottak av innleveringspakke (SIP) frå arkivskapar.
 - II. Konvertering til arkivpakke (AIP).
 - III. Bevaring av arkivpakkar i KDS sitt depotforvaltningssystem i Trondheim.
 - IV. Lage formidlingspakke (DIP) i enkelt formidlingssystem

Resultat i 2016 for bevaring av elektroniske arkiv for alle 37 kommunar/fylkeskommuna:

- a) Deponert 4 innleveringspakkar (SIP) frå arkivskapar.
- b) Godkjent 2 (ferdig) 2 arkivpakkar (AIP) av IKAMR.
- c) Bevaringsplan frå kommunane er under arbeid.
- d) Innsynsmodul for formidling er under arbeid.

Resultat for bevaring av elektronisk arkiv i IKAMR var som planlagt for 2016.

Resultat for bevaring av elektroniske arkiv for alle 37 kommunar/fylkeskommunar er for forsinka fordi produksjonslinja for bevaring og formidling av elektroniske system var under arbeid.

4.4 Privatarkivarbeid

Prosjekt med å digitalisere skipsteikningar og fartøyhistorie i samarbeid med SEDAK, Næringshistorisk foreining og Stiftelsen Maritim historie i Kristiansund er i gang. Programvaren som er skaffa kan nyttast både på kart, teikningar, notar og foto.



Byggeprosjekt 02575 ved Bolsønes Verft

IKAMR er depot for Arbeiderbevegelsens Arkiv i Møre og Romsdal som betalar for tenesta. I 2016 har vi tatt imot nokre små avleveringar.

Vi har tatt inn fleire arkiv frå lag og foreiningar, og det er pågang frå fleire. Dersom det er mogleg, prøver vi å få finansiert kostnadane med dette. Som regel er laga nedlagt og det finst ikkje midlar, men det skjer at vi kan få betalt.

Gunnar Morsund har halde fleire kurs om arkiv og søking etter dokumentasjon for lag og foreiningar.

IKAMR fekk tildelt eit tilskot frå Riksarkivet på kr. 100.000 for, i samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane som fekk kr. 50.000, å utarbeide ein bevaringsplan for privatarkiv i dei to fylka. Ved årsskiftet var planen på det næraste ferdig og er når årsmeldinga vert skriven, ferdig.

Det er tre hovudsektorar innan næringslivet der Møre og Romsdal er eller har vore eit tyngdepunkt i landet.

1. Den maritime sektoren som ved eit samspel mellom næringar har skapt den maritime klynga. Sektoren omfattar:
 - a) Fiskeri, fisketilvirking, -omsetjing og –eksport. Klippfisk er her ein viktig pådrivar for utviklinga av den maritime klynga.
 - b) Fartybygging, mekanisk industri og skipsteknologi.
 - c) Reiarlag, shipping og offshore
 - d) Leverandørar til fiskeri og shipping

Som ein integrert del av dette er dei ulike organisasjonane som har vore med på utviklinga: fiskarlag, fagorganisasjonar, reiarorganisasjonar, Maritimt Forum og andre.

2. Møbel- og trevareindustrien som vaks fram frå mellomkrigstida. Møre og Romsdal er i denne samanhengen det viktigaste området i Noreg for utviklinga av denne industrien frå mellomkrigstida til no.
3. TEKO-industri som omfattar både tekstiltilvirking, konfeksjon og sko. Industrien vaks fram i Romsdal, men i store delar av fylket var det sentrale bedrifter som var hjørnesteinar i det lokale næringslivet. Til dømes O.A. Devolds fabrikk i Langevåg, Tingvoll Ullvarefabrikk på Tingvoll og svært mange i Romsdal.

I dei einskilde kommunane er eller har det vore verksemder som kan karakteriserast som hjørnesteinbedrifter eller er typiske for nett den kommunen. Ofte er dette verksemder som er knytt til ein av dei tre sektorane ovanfor. Men det kan og vere andre, eit døme på dette er steinindustrien i Eide. Dokumentasjonen frå slike verksemder bør ein ta sikte på å sikre for framtida.

Frå organisasjonslivet er Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal naturleg å ta med – det er ei gruppe lag som tar ansvar for å bevare sine egne arkiv. Andre tar også slikt ansvar, og det bør vere eit kriterium for at det blir tatt vare på av IKAMR. Vi vil i ikkje kunne ta kostnadane ved å bevare arkiv for betalingsdyktige aktørar. I vårt fylke vil det vere ein fordel om dei politiske partia tar ansvar for sine arkiv og får dei deponert hos IKAMR.

Det er få idrettslagsarkiv som er bevart på arkivinstusjonar i Møre og Romsdal. Idrettsrørsla er den største medlemsorganisasjonen i fylket – og er fylkesdekkjande. Enkelte lag har tatt ansvar sjølve, men det bør etablerast eit samarbeid med Møre og Romsdal Idrettskrets for å få ei liknande ordning som Arbeiderbevegelsens arkiv.

Desse organisasjonssektorane er viktige med tanke på den påverknaden dei har hatt på kulturen i fylket:

- a) Fråhaldsrørsla (DNT, IOGT, Blå Kors).
- b) Frilynde ungdomslag og mållag (kanskje i samarbeid med Ivar Aasen-tunet)
- c) Den kristne lekmanrørsla – indremisjonen
- d) Musikkorganisasjonane – gjerne etter same ordning som Arbeiderbevegelsens arkiv.
- e) Næringsorganisasjonar som fiskarlag og bondelag.
- f) Samfunnsorganisasjonar som helselag, sanitetsforeiningar, husmorlag.

Det er få registrerte personarkiv i fylket, og det vert ikkje tilrådd noko form for prioritering av dette området. Det bør likevel gjerast ei registrering av kva som finst og kvar dei er oppbevart. Føring i Arkivportalen.no bør ikkje vere avhengig av at materialet finst i ein arkivinstusjon.

Gunnar Morsund har vore med i SAMDOK-prosjektet på nasjonalt nivå for å greie ut om finansiering av bevaring av privatarkiv.

4.5 Prosjektarbeid i 2016

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivets ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgjevar. I 2016 har IKAMR vore involvert i følgjande prosjekt:

Objekt- kode	Før kven og kva	Status
2001	Herøy – Digitalisering av byggesaksarkiv	Avslutta
2002	Sandøy - Ordning og digitalisering av byggesaksarkiv	Påbegynt
2003	Hareid - Ordning	Avslutta
2004	Averøy - Ordning	Påbegynt
2005	Møre og Romsdal fylkeskommune - digitalisering arkivdel freda	Avslutta
2006	Arkivutvikling - verftsarkiv - Liaaen	Avslutta
2007	Arkivutvikling - privatarkiv - Regional bevaringsplan	Avslutta
2008	Aukra kommune – Ordning saksarkiv	Påbegynt
2010	Norddal kommune - Pasientjournalar	Påbegynt
2011	Tingvoll kommune - Mottak av byggsaksarkiv	Påbegynt
2012	Borgund vgs - Saksarkiv etter Ørskog vgs	2017
2013	Smøla - Personarkiv	2017
2014	Ørsta - Digitalisering Byggsaksarkiv	Påbegynt
2015	Eide - Registrering og ettkettering byggsaksarkiv	Avslutta
2016	Møre og Romsdal fylkeskommune - Oppreisingordninga	Løpande
2019	Herøy - Barnevern- og sosialarkiv	Påbegynt
2020	Fylkesbiblioteket - ordning arkivmateriale	Påbegynt
2021	Møre og Romsdal fylkeskommune - Digitalisering kulturavd. Møre og Romsdal fylkeskommune - Digitalisering av arkivdel	Mottatt
2022	KIRK	Mottatt
2023	Averøy - prosjekt 2 - ordning	Mottatt
2024	Fylket - Digitalisering av arkivdel 652/652 T07	Signert

4.6 Kulturnett Møre og Romsdal

2016 har og vore det året kor ein har lagt inn ressursar på ny kulturdatabase. Kulturnett har lagt ned tid i oppbygging og testing av basen og etterhvert opplasting av digitalisert materiale. Dette gjeld digitalisert materiale som ikkje har plass i eksisterande regionale og nasjonale kulturdatabasar.

Kulturkalender

Kulturkalender ligg som tidligare år på jamt 400 arrangement pr månad.

Stadnamn

Ny løysning for lagring og visning av stadnamn kom på plass i 2016. Kulturnett har hatt sumarhjelp for innlegging av stadnamn for Hareid kommune og starta også arbeidet med stadnamna frå Sykkylven kommune.

Samarbeidspartnarar i fylke

Samarbeidspartnarane for Kulturnett er dei same.

Det er større institusjonar innanfor kulturfeltet som sende pressemeldingar og anna redaksjonelt stoff som vi nyttar som nyheiter på heimesida vår. Vi vil trekkje fram dei same som tidlegare i år Møre og Romsdal fylkeskommune, Jazzfestivalen, Ivar Aasen-tunet, Operaen i Kristiansund og Kunstsenteret i Møre og Romsdal.

Forholdet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Kulturnett er meir fornøyd med sikringa av basane i 2016 enn tidlegare år. Mykje er nå ferdigstilt, men vi saknar nokre metadatafelt som tidlegare vart nytta i formidling. Dette gjeld og fotobasen.

Måloppnåelse frå Årsplan 2016

-Fylkesarkivet har oppdatert sine kulturdatabasar og Kulturnett hadde i sin plan å tilpasse seg disse endringane. Det er gjort.

-Endringa i stadnamnbasen medførte at ein satt som mål å få inn stadnamna til Hareid. Dette arbeidet vart gjort ved å leige inn ekstrahjelp.

-Hovudmålet var å få på plass ein ny lagringsløysning for kulturdata. Denne vart på plass på hausten 2016 og er nå i drift som d.ikamr.no. I den forbindelse vart det og laga ein eigen visningside. Vi har i løpet av 2016 lagt inn skipsteikningar, tilrettelagt for Folkemusikkarkivet og starta innlegging av møtebøker og protokollar. Kulturnett har og lagt inn tidskrift for Sunnmøre historielag og årskrifter for sogelag. Dette er i eit samarbeid med Fylkesbiblioteket som skal nytte linkar frå basen i MøreRom..

Vi rakk ikkje å gjere om på eksisterande nettside for Kulturnett Møre og Romsdal.

Økonomi

Kulturnett brukte frå det bundne fondet kroner 180 000. Budsjettet for bruk av fond var på kroner 162 000.

Aktivitet

24.04.2016 Kjenn din egen by

26.06.2016 Fagtur med IKA til Romsdalsmuseet.

12.11.2016 Arkivdagen.

Konferanse/samlingar

06.06-07.06.2016 Nettverkssamling for interkommunale selskaper, Bergen

10.10-12.10.2016 MiniKai i Kongsberg.

08.11.2016 miniseminar. Kampen på digitale flater, Ålesund

4.7 FylkesFOTOarkivet

Innleiing

FylkesFOTOarkivet (FAK) sitt hovudfokus i 2016 har vore konsentrert om databasararbeid med opplasting og registrering av bilete i den nye databasen, digitalisering av negativ frå eigne fotografarkiv og arbeid med fylket si fotonhistorie.

Sula kommune vart «ny kommune på nett» etter at vi fekk over 5000 bilete frå arkiva til fotograf Olav Nerland og fotograf Knut Fylling på nett.

10 års samarbeid med Nordmøre museum vart trappa ned på slutten av 2016 etter at museet valde å samle databasene sine i musea sin fellesløyning under «Digitalt museum».

I alt vart ca. 20.000 negativ og bilete av ymse slag digitaliserte i 2016.

Hovudoppgåver 2016

Digitalisering av fotografarkiv saman DIS-gjengen

Digitalisering av over 5000 glasplater for Fylkesarkivet i Sogn og fjordane.

Prosjekt med digitalisering av Norsk Fotografisk tidsskrift

Utstillings-, konsulent- og formidlingsarbeid.

Fagleg arbeid, internt

Databasarbeidet, tilrettelegging, registrering, kontroll og vedlikehald av data er ein tidkrevjande, men lite synleg aktivitet. Etter at ny database vart operativ er det utført mykje registrerings- og korrekturarbeid, men det er framleis store restansar.

Fagleg arbeid, eksternt

Museum:

Nordmøre museum: Digitalisering, registrering og konsulentarbeid.

Sogelag:

Ørskog Historielag og Stranda sogelag: Nyregistrering og digitalisering av bilete.

Kommunar:

Ørsta: Vellearkivet, digitalisering og Sula: Nerland og Fyllingarkiva, Sunndal: Arbeid med Mulvikarkivet

Nasjonalt:

Det nasjonale nettverket for foto

Andre:

«Øyavis» i Midsund: Plan for digitalisering og formidling av arkivet etter at avisa vart nedlagt.

Sunnmøre politidistrikt: Digitalisering og registrering

Dialogen med publikum, bidrag med nye opplysningar til bilda og korrigerering av gamle, eksternt hjelp til produksjon av namnekart mm er også ein del av det eksterne faglege arbeidet.

Formidling

FAK sine bilete vert formidla gjennom databasen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Etter at Aalesunds museum overtok kopitenesta for av Sponland-, Moa- og Simonnæsbileta har det vore nedgang i tinging av fysiske bilete. Nedgangen skuldast også at publikum sjølv kopierer bilda frå nett.

Fokus på «portrettet» i fotografihistoria toppa seg med foredrag på landskonferansen i fotobevaring. Det har elles vore foredrag under «Slektsforskardagen» og i fotonhistorisk forening avd. Kristiansund.

Arkivdagen 2016

Tema i år var "Då klokka klang". FAK hadde i samband med dette teke fram klassebilde etter fotograf Olav Nerland på Eidsnes (Sula), laga ei fotoutstilling og heldt fordrag om fotografen og arkivet.

«DIS-gjengen»

DIS-gjengen er nemnd innleiingsvis. Frå 5 til 9 personar har vore med i arbeidet på i alt 30 dugnadskveldar i 2016. Omsett i "kveldsverk" à 3 timar er dugnadsinnsatsen rekna til om lag 750 arbeidstimar. «Gjengen» har siste året arbeid mykje med registrering (databasearbeid) og fortsett med digitalisering av Vellearkivet (Ørsta), Oksavik-arkivet (haram) Dale-arkivet (Stranda). Om lag 8.000 negativ vart digitaliserte under dugnadskveldane.

FylkesFOTOarkivet i tal	2016	2015	Tilvekst 2016	Tilvekst 2015
Bilete i alt	515 000*	322 451	1 500 **	850
Bilete i nettbasen, internt søk	180 000	174 290	5 710	2 051
Bilete i nettbasen, eksternt søk	157 707	160783	3076	4 176
Brukarkommentarar	12 494	11 492	1002	610
Arkiv/samlingar under FAK	1 281	1 271	10	16

* Talet er det offisielt innrapporterte og justerte talet etter «nasjonal standard» der ein tek med alle eksemplar og variantar av eit bilete. Dette er bilete som FAK enten eig eller disponerer. ** Faktisk fysisk tilvekst.

Heimesider

FAK sine heimesider, www.fylkesfoto.no, vart oppdaterte 22 gongar med glimt frå arbeidet gjennom heile året.

Magasinarbeid

Kapasiteten i fotomagasinet uka med ca. 50 hyllemeter etter at tre nye reolar vart sett inn. Den fysiske tilveksten i magasinet avgrensar seg til mottak av Storegjerdearkivet frå Sande sogelag. Det praktiske arbeidet i magasinet er sporadisk. Fotograf Alv Dale sitt arkiv har vore prioritert. Det har vore 22 "turar" i fotomagasinet ved Sunnmøre museum. Stordelen av desse har i år vore knytt til inn- og uttaking av materiale til digitalisering.

Seminar – Møter – Reiser (Utvalde)

2016.01.13: Reise Sunndal, møte om Mulvikarkivet
 2016.01.18: Reise Rindal, kurs i produksjon av navnekart
 2016.02.04: Reise Ulstein og Vanylven, møte fotograf og sogelag
 2016.02.17: Reise Kristiansund, Fylkeskulturkonferansen
 2016.04.04: Foredrag, Ålesund kameraklubb
 2016.05.24: Reise Mo i Rana, nettverksmøte, 24.-26.
 2016.06.06: Reise Ørsta, møte om Vellearkivet
 2016.06.16: Reise Fræna, møte og synfaring i fotoarkivet
 2016.07.23: Reise Midsund, Øyavis, synfaring
 2016.08.20: Reise Horten: «Fotografiets dag» med utstilling
 2016.09.20: Reise Halså og TRH
 2016.09.21: Reise Trondheim, felles høstmøte i fotograflauga
 2016.10.17: Reise Oslo, høstmøte IFF - Institusjonsfotografene, 17.-19.
 2016.10.24: Reise Oslo, fotobevaringskonferansen og nettverksmøte, 24.-27.
 2016.11.23: Reise Kristiansund, foredrag i Fotohistorisk forening

I tillegg har fotoarkivaren hatt 6 reiser med arbeid og opplæring ved Nordmøre museum i Kristiansund.

Ekstrahjelp

FAK har ikkje nytta ekstrahjelp i 2016

Utstyr

Ut over media for datalagring og backup, vart det ikkje kjøpt inn nytt utstyr ved FAK i 2016.

4.8 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven – SEDAK

Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 01.01.2013 og er finansiert med ei 100% stilling av Møre og Romsdal fylkeskommune. Organisatorisk knytt til IKA Møre og Romsdal, og lokalisert saman med IKA Møre og Romsdal, Kulturnett, FylkesFOTOarkivet og Fylkesbiblioteket.

Hovudoppgåver

- Digitalisering
- Fagleg leiing i høve digitaliseringsoppdrag
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk

Oppdrag:

ABM-sektoren:

- Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal. Arbeidet med digitaliseringa har vært gjennomført ved arkivets lokaler i Volda (Høgskulen i Volda).
- Fylkesbiblioteket – prosjekt MøreRom, tilpassing, import i system og publisering av digitale filer. Lokalhistorisk materiale, årsskrift frå Romsdal Sogelag og årbøker frå Romsdalsmuseet
- Fylkesbiblioteket – fotografering av tilsette
- Jugendstilsenteret - digitalisering av arkiv til utstillingar
- Ålesund museum – prøvedigitalisering av tilvekstprotokoll
- Liaaen arkivet - digitalisering av skipsteikningar
- IKA Trøndelag – digitalisering av sær store teikningar

Kommune:

- Møre og Romsdal Fylkeskommune – digitalisering og import i system av fredaarkivet
- Rindal kommune – digitalisering av protokoll
- Sandøy kommune – digitalisering og import i system av byggesaksarkivet
- Ørsta kommune – digitalisering og import i system av byggesaksarkivet
- Ålesund kommune – digitalisering av sær skjøre og kompliserte store og små dokument/teikningar/kart i byggesaksarkivet
- Ålesund kommune avdeling Virksomhet for kart og oppmåling – digitalisering av store kart
- Herøy kommune / NORSE DIGITAL – digitalisering og import i system av byggesaksarkivet

Internt for IKAMR:

- Rådgjeving med grafisk oppsett av maler i ACOS
- Opplæring av prosjektilsette i PIXEDIT software
- Grafisk oppsett av julekort
- Digitalisering av ulike dokument og protokoller

Fagleg arbeid

Arbeidet med vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk, samt utstyr- og programvareforståing har blitt gjennomført ved hjelp av både faglege fysiske besøk hjå andre institusjonar, men også gjennom kursing via skype og online webinar.

Vidareføringa av oppbygginga av det nasjonale faglige nettverket gav resultat i at SEDAK vart invitert til å delta i den nasjonale arbeidsgruppa NAPSA. Arbeidsgruppa består av institusjonar innanfor ABM (arkiv, bibliotek og museum)-sektoren. Det overordna målet er å etablere ei «Nasjonal publiseringsplattform for digitaliserte arkivdokument» i Noreg. Arbeidet er leia av Riksarkivet og inngår som eit forprosjekt i SAMDOK arbeidet. SEDAK var ansvarlig for innhald i sluttrapport om utarbeiding

av nasjonale minimumskrav i høve kvalitet på digitalisering av papirbasert arkiv. Det vart gjennomført to arbeidsmøter ved Riksarkivet og fleire skype-møter gjennom heile 2016.

Fotograflærling

IKAMR ved SEDAK vart godkjent som opplæringsbedrift i fotograffaget.

Leiar gjennomførte heildagskurs for faglig leiar/instruktør av lærlingar. Besøkte Ålesund VGS, Medie og kommunikasjon og Volda VGS, Medie og kommunikasjon for å informere og prøve å rekruttere fotograflærling.

Faglege besøk til

- Aure kommune, Aure - digitaliseringssenter SKANSEN
- Riksarkivet, Oslo – fotoavdelinga (IFF medlemsmøte)
- Riksaarkivet, Oslo – to arbeidsmøte i NAPSA
- Interfoto AS, Oslo – demonstrasjon av lysutstyr
- Studio Import AS, Oslo – demonstrasjon av lysutstyr
- Romsdalsmuseet, Molde – omvisning i magasin
- IKA Kongsberg – Mini-KAI med fagutveksling

Faglig besøk av

- IKA Kongsberg – erfaringsutveksling om produksjonslinje digitalisering
- Opplandsarkivet – erfaringsutveksling om produksjonslinje digitalisering
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane – databasar og samarbeid
- DDV (Det Digitale Vestre Agder) – Skypemøte, erfaringsutveksling om digitalisering

Omvisning til

- Fylkeskulturavdelinga
- Spesialistbedriften
- Publikum på open dag og ARKIVDAGEN 2016

Kurs – konferanse

- Phase One, Capture One PRO software kurs, Oslo
- Phase One, Capture One PRO, fleire online webinar
- Kurs for faglig leiar/instruktør av lærlingar, opplæringsavdelinga ved Møre og Romsdal Fylke

Synfaringar

- Molde kommune. Molde – byggesaksarkiv
- Vestnes kommune, Vestnes – byggesaksarkiv
- Ørsta kommune, Ørsta – byggesaksarkiv
- Folkemusikkarkivet, Volda – notearkiv
- Liaaen, Ålesund – skipsteikningsarkiv
- Sunnmøre Museum, Ålesund – notearkiv
- Møre og Romsdal Fylkeskommune, Molde – kulturarkiv
- Stiftinga Maritim Historie Nordmøre, Kristiansund – Storvikarkivet skipsteikningsarkiv

Ressursar

SEDAK gjennomførte nødvendig oppgradering av lysutstyret med investering av 2 stk blitzaggregat samt nødvendig tilleggsutstyr. Det har vært tilknytta fleire prosjektilsette i arbeidet med digitaliseringa av byggesaksarkivet til kommunane.

5. SYNFARINGAR, KURS, KONFERANSAR OG ANDRE ARRANGEMENT

5.1 Synfaringar

IKAMR har vore på synfaringar hos følgjande i 2016:

- Smøla kommune – eldre arkiv
- Ørsta kommune – digitalisering av byggesaksarkiv
- Borgund vgs – eldre arkiv etter Ørskog vgs
- Sunndal kommune – eldre arkiv
- Tafjord kraft – eldre arkiv
- Folkemusikkarkivet i Volda - digitalisering
- Vestnes kommune – eldre arkiv og byggesak
- Eide kommune
- Skodje – eldre arkiv og digitalisering av byggesaksarkiv
- Stordal kommune – etter tilsyn
- Møre og Romsdal fylkeskommune - kulturavdelinga

5.2 Kontaktkonferansen

Konferansen var på Scandic Parken i Ålesund frå 31. mai – 01. juni. Det var påmeldt 94 deltakarar frå 32 kommunar og fylkeskommunen. I tillegg var det ni personar frå IKAMR og ni eksterne foredragshaldarar.

Tema var:

- Orientering om arbeidet ved IKA Møre og Romsdal ved Geir Håvard Ellingseter, IKAMR
- Oppreingsordninga v/ Åge Brekk – Møre og Romsdal fylkeskommune
- Arkivarkitektru v/ Jean Philippe Andre Caquet – Trondheim kommune
- Erfaringar frå kommunesamanslåing v/ Jan Husebø Vindafjord kommune
- EDU- elektronisk dokumentutveksling v/ Signe Karlsen og Hilde Aure – Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Arkivplan – V/ Synnøve Hunnes og Tove Lilleås – Sykkylven kommune
- Kompetanse- utdanning og arkivtenesta v/ Gudmund Valderhaug
- Forsvarlig bevaring av dokumentasjon – barnevernet v/ Kari Remseth
- Uttrekk frå Noark5 v/ Liv Lillevevang, Hans Arkvd Johansen og Torbjørn Aasen
- Spørjetime

I tillegg hadde vi opning av dag 2 med Bent Erik Myrvoll.

Vi tok imot evalueringsskjema frå deltakarane og 22% vurdertetotalinntrykket av konferansen til karakter 6, 60 % til karakter 5 og resten til karakter 4. Vi fekk tilbakemeldingar om at programmet var aktuelt, matnyttig og at foredragshaldarane formidla innhaldet på ein god måte. Dette er ein viktig arkivfagleg samlingsplass for dei tilsette i kommunane.

5.3 KAI-konferansen

Kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) var i 2016 i Sandefjord, med Vestfoldarkivet som vert.

Konferansen omhandlet blandt annet det aktuelle temaet kommunereform. Konferansen samlar tilsette frå kommunearkivinstitusjonar over heile landet. I tilknytning til konferansen vert det lagt diverse samarbeidsmøte for desse arkivinstitusjonane. IKAMR var på konferansen representert ved Vibeke Lunheim, Åsta Vadset, Torbjørn Aasen og Geir Håvard Ellingseter. Ellingseter deltok på eigarmøte for bladet Arkheion, KAI-leiarmøte og eigarmøte i Arkivplan.no.

5.4 Open dag

Open dag ved IKAMR i forbindelse med byarrangementet "Kjenn din egen by" 26.04.2015, der besøkande fekk omvising i magasin og presentasjon av digitalisering ved SEDAK.

6. ARKIVDAGEN 2016

DÅ KLOKKA KLANG

ARKIVDAGEN
2016
Gratis inngang
Opningstid: 11.30-15.00
Foredrag starter 12.00

**VELKOMMEN
TIL INTERKOMMUNALT ARKIV
KIRKEGATA 10B ÅLESUND
LAURDAG 12. NOVEMBER**

Foredrag av historikar **Aud Farstad** «Lærarinnene – kvinnesaka sin fortropp i Ålesund» og fylkesfotoarkivar **Ragnar Albertsen** «Klassebilete» frå 50-åra frå fotograf Nerland sitt arkiv (1913 – 2008)
Utstillingar: **Foto frå Nerland-arkivet. Skulehistorie frå Ålesund** – med smakebitar frå arkiva. Tilgang til originalkjelder, omvisning i arkiva, digitalisering av kjelder, søk etter slektningar, søk i kulturdatabasar. Enkel servering.

ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling
www.ikamr.no

**FORTID
& NOTID
FOR FRAMTID**

Arkivdagen blir arrangert kvart år og er eit samarbeid mellom arkiv i heile Norden og omfattar alle typar arkivinstitusjonar. Hensikta med Arkivdagen er å vekke interesse for arkiva som samfunnet sitt minne – både for fortid og framtid.

Årets arkivdag ved IKAMR vart arrangert laurdag 12.november. Temaet var "Då klokka klang".

På programmet stod foredrag ved historikar Aud Farstad om "Lærarinnene - kvinnesaka sin fortropp i Ålesund". Fylkesfotoarkivar Ragnar Albertsen holdt foredraget "Klassebilete - frå 50-åra frå fotograf Nerland sitt arkiv".

Det var fotoutstilling "Foto frå Nerland-arkivet.", stasjonar med tilgang til originalkjelder med fokus på skulehistorie frå Ålesund, omvisning i depot, digitalisering av kjelder, søk etter slektningar og søk i kulturdatabasar.

Det var om lag 70 personar innom arrangementet i Kirkegata 10. Fleire av dei som

møtte hadde delteke på tidlegare arkivdagsarrangementet ved IKAMR.



Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling